

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 14/7024-3

## **Avvikling av bokbåttene i Sogn og Fjordane**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Bokbåttene i Sogn og Fjordane vert avvikla f.o.m. 01.09.2015.
2. Boksamlinga som vert nytta til utlån på bokbåten, vert tilbydd lokale folkebibliotek.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

FT-sak 35/13 Evaluering av bokbåttene i Sogn og Fjordane.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I samband med arbeidet med å tilpasse den fylkeskommunale økonomien til nye, reduserte rammer, er det naudsynt å redusere/ta bort enkelte tenester. Hovudutval for kultur har i HK-sak 50/14 sagt at bokbåttene kan avviklast f.o.m. 01.09.2015 når noverande avtale med båteigar går ut. Dette er også følgd opp i hovudutvalet sitt budsjettframlegg for 2015 og 2016. Innsparingane som kjem av avvikling av tenesta vil gå inn som del av kultursektoren sitt samla bidrag til innsparing i åra som kjem.

Fylkesrådmannen har orientert kommunane som har tenesta i dag, og Møre og Romsdal og Hordaland fylkeskommunar, om at Sogn og Fjordane fylkeskommune - med atterhald om endeleg vedtak i fylkestinget - avviklar denne tenesta f.o.m. 01.09.2015.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Bokbåten – konsekvensar ved avvikling

*Bokbåten – eit vestlandssamarbeid*

Bokbåten er eit vestlandssamarbeid mellom fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland. Bokbåtverksemda starta opp i Hordaland i 1959, og frå 1964 kom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal med i samarbeidet.

*Bokbåttene i Sogn og Fjordane*

Bokbåten besøker mellom 43 og 48 stader fordelt på 18-19 kommunar i Sogn og Fjordane. Han køyrer to turar i året, 18 dagar på kvar tur i februar/mars og oktober/november. Ut frå dei planer som no ligg, vil turneen i februar/mars 2015 bli den siste i Sogn og Fjordane.

Besøktstala har vore stabile eller aukande. Av dei 2 622 personane som har vore om bord i 2014, var det 1 681 barn og 941 vaksne. Bokbåten har vore eit familietilbod.

Bokbåten Epos rommar omlag 6 000 bøker til utlån. Tilbodet omfattar bøker og lydbøker for barn og vaksne. Sogn og Fjordane fylkesbibliotek har i alle år prioritert innkjøp og merking av nynorske barnebøker til bruk på bokbåten og bokstamma er difor bra utbygd.

Av dei 15 691 registrerte utlåna i 2013 (siste tilgjengelege tal for utlån), var det 9 280 barnebøker og 6 411 vaksnebøker. Utlånet har halde seg nokså stabilt dei siste åra (i 2008: 15 457, i 2013: 15 691).

Det er ei stor boksamling som er knytt til utlån på bokbåten. Ut frå fylkesrådmannen si vurdering vil det vere føremålstenleg å tilby bøkene til dei lokale folkebiblioteka.

Bokbåtenesta vart evaluert i FT-sak 35/13. Hovudkonklusjonen der var at dette har vore ei bra vellukka satsing som har vore mykje brukt.

### Økonomi-, budsjett- og personalmessige konsekvensar

Avvikling av bokbåtenesta vil gi ei netto økonomisk innsparing på årsbasis på om lag 1,3 mill. kr. Dette vil gå inn som del av den totale innsparinga kultursektoren skal svare for dei neste åra. Summen inkluderer båtlege, bokkjøp, huslege for bokmagasin, løn/drift, m.m. Det er rekna med 0,7 årsverk i innsparing ved avvikling av tenesta.

### Kulturpolitiske konsekvensar

#### *Endringar i bibliotekpolitikken*

Bibliotektenesta er ei lovpålagt kommunal teneste. Mobil bibliotekteneste (buss/båt) har vore sett på som supplerande tenester; organisert av fylkeskommunane eller kommunar i fellesskap. Den mobile bibliotektenesta vart i lang tid delfinansiert gjennom øyremerka statleg tilskot. F.o.m. 2001 vart det statlege tilskotet gradvis avvikla og innlemma i rammeoverføringa til fylkeskommunane.

Gjennom utvikling av den nasjonale bibliotekpolitikken er det no stort fokus på biblioteka som møteplass og debattarena. I tillegg er e-bokutån ei satsing.

#### *Endringar i bibliotektilbodet i fylket*

Når det gjeld bibliotekutviklinga i fylket, har det skjedd ei endring over tid. Mange kommunar har ønska å styrke hovudbiblioteket og satsa på nye lokale til hovudbiblioteket. Fleire bibliotekfilialar er nedlagde og mange skulebibliotek har forsvunne saman med skulane. I 2011 vart bokbussen, som Sogn og Fjordane fylkesbibliotek hadde ansvar for, nedlagd.

#### *Fylkesbiblioteket sine hovudprioriteringar*

Gjennom Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-14 har fylkeskommunen arbeidd målretta ut frå visjonen «Biblioteket – møteplass for kunnskap, kultur og vekst». Gjennom samarbeid med folkebiblioteka/kommunane er det arbeidd med struktur og organisering, kompetanse og innhald/tenester. Målet har heile tida vore betre tenester ut til innbyggjarane.

Av konkrete oppgåver kan nemnast interkommunalt samarbeid, transportordning, felles e-bokutlån, kurs og konferansar.

#### *Framleis gode tilbod ut*

Når bokbåtenesta no vert avvikla i Sogn og Fjordane, vert eit årelangt kulturtilbod borte. Fylkeskommunen vil likevel gjennom sin innsats innan bibliotekfeltet, og i samarbeid med kommunane arbeide for gode tenester ut til innbyggjarane i fylket. Også gjennom arbeidet vårt med Den kulturelle skulesekken når vi alle grunnskuleelevane i fylket med profesjonelle kulturtilbod fleire gonger i året. Litteratur er eitt av fleire uttrykk som vert prioritert der.

### **3. Konklusjon**

Med utgangspunkt i endringar i dei økonomiske rammeføresetnadane for fylkeskommunen, vert bokbåttenesta i Sogn og Fjordane avvikla f.o.m. 01.09.2015.